



Lonevåg beslagfabrikk AS

Planprogram Holmane næring, Fotlandsvåg - høyringsutgåve

Utgåve: 3

Dato: 2014-04-10

## DOKUMENTINFORMASJON

---

Oppdragsgjevar: Lonevåg beslagfabrikk AS  
Rapporttittel: Planprogram Holmane næring, Fotlandsvåg - høyringsutgåve  
Utgåve/dato: 3 / 2014-04-10  
Oppdrag: 529358 – Lobas, regulering av næringsområde i Fotlandsvåg  
Oppdragsleder: Anna Wathne  
Skrevet av: Anna Wathne  
Kvalitetskontroll: Anna Wathne

---

Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

---

## FORORD

Lonevåg beslagfabrikk AS har starta arbeidet med å utarbeida reguleringsplan for næringsområde i Fotlandsvåg i Osterøy kommune. Hovudformålet med planarbeidet er å utvida eksisterande næringsområde gjennom utfylling i sjø og legge til rette for langsiktig områdeutvikling til tillegg til å ta omsyn til miljø og samfunn.

Etter tilråding frå planmynde i Osterøy kommune vert tiltaket håndtert som KU-pliktig. Dette inneber at det skal utarbeidast forslag til planprogram, og høyring til offentlege mynde og andre partar, samt leggest ut til offentleg ettersyn. Samtidig vert det kunngjort varsel om oppstart av planarbeid. Målet med planprogrammet er å avklara premiss for planarbeidet og utgreiingstema som har relevans for tiltaket.

Etter at planprogrammet med planavgrensinga var varsla 15.10.2013 – 03.12.2013 er det, etter innspel frå Statens vegvesen, bestemt at planområdet skal utvidast mot sør. Revidert planprogram vert difor sendt ut på ny, avgrensa høyring i perioden 04.03.2014 05.04.2014.

Planprogrammet er utarbeidd av Asplan Viak AS på vegne av Lonevåg beslagfabrikk AS.

Spørsmål til planprogrammet kan rettast til:

LOBAS v/ Sigbjørn Reigstad  
Asplan Viak AS v/ Anna Wathne

tlf: 40645260, [sr@lobas.no](mailto:sr@lobas.no)  
tlf: 48171410, [anna.wathne@asplanviak.no](mailto:anna.wathne@asplanviak.no)

Bergen, sist revidert 10.04.2014

Anna Wathne  
Oppdragsleiar

**INNHALD**

|     |  |    |
|-----|--|----|
| 1   | Om planarbeidet.....   | 4  |
| 1.1 | Bakgrunn og formål.....  | 4  |
| 1.2 | Krav om konsekvensutgreiing .....  | 5  |
| 2   | Planområdet og tiltaket.....   | 6  |
| 2.1 | Innhald og avgrensing .....  | 6  |
| 2.2 | Tiltaket .....   | 8  |
| 3   | Planstatus .....   | 9  |
| 3.1 | Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023 .....   | 9  |
| 3.2 | Reguleringsplanar .....  | 11 |
| 4   | Overordna lover, forskrifter og retningslinjer som er relevante for planarbeidet ..... | 12 |
| 4.1 | Lover .....  | 12 |
| 4.2 | Forskrifter.....   | 12 |
| 4.3 | Retningslinjer .....   | 12 |
| 5   | Viktige omsyn og trong for utgreiingar .....   | 13 |
| 5.1 | Innleiande miljøundersøking.....   | 13 |
| 5.2 | Naturmiljø.....  | 14 |
| 5.3 | Berggrunnundersøking i sjø og mogelegheitsstudie .....                                 | 15 |
| 5.4 | Marinarkeologiske registreringar .....   | 15 |
| 5.5 | Landskapsbilete .....  | 16 |
| 5.6 | Marint biologisk mangfald.....   | 16 |
| 5.7 | Risiko og sårbarhet .....  | 17 |
| 5.8 | Andre viktige tema .....   | 17 |
| 6   | Planprosess .....  | 19 |
| 6.1 | Framdrift.....   | 19 |
| 6.2 | Informasjon og medverknad .....  | 20 |

# 1 OM PLANARBEIDET


## 1.1 Bakgrunn og formål

Bakgrunnen for planarbeidet er trong for ei meir tenleg arealdisponering innafor planområdet. Næringsaktørar (LOBAS, AS Oster transport og entreprenør, Osterfjord maskinstasjon AS og Sjøtroll Havbruk AS) i planområdet ønskjer eit langsiktig perspektiv på drifta i Fotlandsvåg. I dette ligg også ei målsetting om næringsutvikling i tråd med etterspurnad i marknaden.

På arealet som vert kalla «Holmen» (jf. figur 1) er snart arealet som LOBAS nyttar oppbrukt. Vidare utvikling av driften krev nytt byggjeareal, og for å få ein fornuftig drift må då desse koma i tilknytning til eksisterande bygningsmasse (Det er ikkje formålstenleg eller god sikkerheit i å køyra langs vegen med truck). Difor er det naudsynt med ein utfylling i bukta mot nordvest. I sèraust er det naudsynt med ein utfylling for å kunne føra opp eit nybygg som HBH Innredning 2012 AS kan flytta sin aktivitet over i. Dette fordi eksisterande fabrikkbygning er av ein slik tilstand at det ikkje er forsvarleg å drifte vidare der i spesielt mange år framover (det er blant anna tre-golv i delar av fabrikk). For dei øvrige partar så er det i høve til sjøen berre planar om oppføring/utbetring av kai for å kunna ta i mot varer med båt på ein hensiktsmessig måte. Bakgrunnen for dette er at sjødjupna utanfor eksisterande kaiar er for liten til at båtar med tilknytning til drifta kan legge til.

Hovudformålet med reguleringsplanarbeidet er å leggja til rette for ei utviding av næringsarealet og regulere området slik at plankravet gjeve i kommuneplanen sine føresegner pkt. 1.1 vert følgt og samtidig sørge for at det vert teke omsyn til miljø og samfunn jf. §§ 1 og 4-1 i plan- og bygningslova.

Forslagsstillar **Lonevåg Beslagfabrikk AS** vart etablert som sjølvstendig produksjonsbedrift i 1947, basert på handverkartradisjon sidan 1918. Etter dette har bedrifta utvikla seg til marknadsleiar på fleire område innafor byggmarknaden i Noreg. Hovudsatsingsområdet er i dag taksikringsutstyr, utstyr til takrenner og garasjeportar. Byggmarknaden i Noreg er i utvikling og «LOBAS» ønskjer å tilpasse seg etterspurnaden i marknaden ved å legge til rette for utviding av næringsarealet sitt i Fotlandsvåg. Ei utviding inneber trong for utfylling i sjø mellom dei eksisterande tomtene til LOBAS og Oster mfl. og flytting av eksisterande avkøyring frå Rv. 567.



Figur 1. Eksisterande næringsområde og framtidig utviklingsønskje (illustrasjon: Asplan Viak AS).

## 1.2 Krav om konsekvensutgreiing

For reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet (Plan- og bygningslova § 4-1). Reguleringsplanen skal innehalda ei planskildring med konsekvensutgreiing av dei verknader planen kan ha for miljø og samfunn. Kva planar som kan gje vesentlege verknader for miljø og samfunn skal avklarast gjennom Forskrift om konsekvensutredninger:

I Forskrift om konsekvensutredninger (§ 3 bokstav d) vert planar og tiltak som skal vurderast skildra etter § 4 i forskrifta:

*«detaljreguleringer som innebærer endringer av kommuneplan eller områderegulering».*

I Forskrift om konsekvensutredninger (§ 4 – *Kriterier for vurdering av vesentlege verknader for miljø og samfunn*, bokstav d) vert planer og tiltak som skal handsamast etter forskrift om konsekvensutredninger omtalt slik:

*«kommer i konflikt med gjeldende rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77 eller statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av lov 27. juni 2008 nr. 71»*

Planmynde i Osterøy kommune har tilrådt at tiltaket er KU-pliktig med den grunngjeving at tiltenkt områdeutvikling gjennom planforslaget vil bryte med dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen.


Med bakgrunn i moment nemnt over kan planforslaget ha vesentlege verknader for miljø og samfunn og skal derfor konsekvensutgreiast.

## 2 PLANOMRÅDET OG TILTAKET

### 2.1 Innhald og avgrensing


I utgangspunktet ble det foreslått ei planavgrensing for området som inkludera dei nordlege delane av næringsformålet (jf. kommuneplanens arealdel). Etter ynskje frå Osterøy kommune i samband med oppstartsmøtet, vart det konkludera på at heile næringsområdet i KPA skulle inkluderas i planområdet, og tomtane gnr. /bnr. 96/32 og 96/89 vart inkludert i planområdet. Ein stipulert avgrensing av planområdet er vist i figur 2 (stipla line). Denne dannar grunnlag for det vidare planarbeidet.

I samband med høyring av planprogrammet og melding om oppstart av planarbeid har Statens vegvesen kome med innspel om at planområdet bør utvidast mot sør slik at planen legg til rette for utbetring av Fylkesveg 567, for mjuke trafikantar, mellom næringsområdet og vegen opp til skulen. Utvida plangrense går fram av figur 2:



Figur 2. Forslag plangrense og illustrasjon av yttergrense nytt land over vannflaten (illustrasjon: Asplan Viak AS).

Plangrensa inkluderer eksisterande næringsbygningar, hamn- og sjøareal, ein bustad, og Fylkesveg 567 med tilkomst til næringsområde (jf. figur 3). Planområdet som vist i figur 2 (inkl fylling under vann) er ca. 76 dekar. Det er eit mål i planarbeidet å sjå på løysingar for alternativ lokalisering for eksisterande småbåthamn (som ikkje er regulert). Ein mogleg lokalisering kan vera nord for holmen.



Figur 2. Eksisterande forhold og tenkt utvikling (illustrasjon: Asplan Viak AS).

Tabell 1: Oversikt over arealstatus

| Arealkategori  | Tal dekar |
|--|-----------|
| Næringsområde i dag (jf. arealdel i kommuneplan, figur 4 ) | Ca. 37    |
| Aktuell utfylling til næringsformål (nytt landareal)       | Inntil 20 |
| Heile planområdet  | 97        |

Planområdet er avgrensa av Fotlandsvågen i nord og aust, og av skog og fjell i sør og vest. Planområdet inkluderer Fylkesveg 567 langs sør- og vestgrense. Det er 3 avkjørslar inn mot næringsområda og 2 til private bustadeigedommar i planområdet (den eiene på vestsida av fylkesvegen).

Reguleringsplanen vil omfatte plankart, reguleringsføresegner og planskildring med konsekvensutgreiing etter til fastsett planprogram. Aktuelle illustrasjonar og tilleggss-rapportar vert lagt ved planskildringa.

Moglege føremål i reguleringsplanen er *bygningar og anlegg – industri el. Næringsbebyggelse, samferdsel og teknisk infrastruktur – kjøreveg/veg/gang- og sykkelveg.* Hamn og sjøareal kan regulerast på ulike måtar, men her er det mest aktuelt med: *Hamneområde i sjø, Hamn, Kai, evt. Hamnelager.* Eventuelle trong for omsynssoner vert avklart i planarbeidet.



## 2.2 Tiltaket

Planarbeidet har som mål å legge til rette for utviding av eksisterande næringsareal, hovudsakleg gjennom utfylling av det grunne hamnebassenget mellom Holmen og næringsområdet lenger sør. Planarbeidet vil og vurdera tilhøva for avkøyringar for næringsområda og ev. legge til rette for oppgradering av desse. Det er også ønskje om å utvida kai-arealet utanfor gnr./bnr. 96/89 (jf. figur 3) noko ut i Fotlandsvågen. Bakgrunnen for dette er at det ved eksisterande kai er for grunt, slik at større båtar ikkje kan legge til.



Figur 1. Illustrasjon. Mogeleg kai-utviding

Det er 8 grunneigarar innafor planområdet:


Tabell 2: Heimelshaverar i planområdet

| Gnr/bnr        | Heimelshaverar   | Fester |
|----------------|--|--------|
| 96/5           | Trond Engstrøm   |        |
| 96/15 og 96/89 | Fotland Interessentskapet –<br>Eigar kontaktinstans:<br>Styreformann John Fotland  |        |
| 96/16 og 96/17 | Lonevåg Beslagfabrikk AS   |        |
| 96/93          | Hordaland Fylkeskommune –<br>Eigar kontaktinstans:<br>Statens vegvesen region vest |        |
| 96/49          | Kjerstin LB og Jon Vegard B<br>Handeland   |        |
| 96/53          | Oster Transport &<br>Entreprenørfør. AS  |        |
| 96/48          | Jørn Ahmer   |        |
| 96/32          | Jakta AS   |        |

## 3 PLANSTATUS

### 3.1 Kommuneplanen sin arealdel 2011-2023

Planområdet er i gjeldande kommuneplan(KPA) avsett til *noverande næring, noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande vassdrag*. Delar av planområdet mot vegen inngår i omsynssone H220, noko som betyr at dette området er innafor gul støysone jf. støyretningsline T-1442.



Figur 2: Utsnitt frå gjeldande kommuneplan.

Det går fram av føresegner til KPA (jf. kapitlet 1.0 Generelle § 11-9) at:

- Planområdet må inngå i ein reguleringsplan før tiltak som krev søknad og løyve etter pbl. §§ 20-1 og 20-2 er tillate.
- Areal sett av til *bygningar og anlegg* kan ikkje takast i bruk før veg-, vass- og avlaupsanlegg, samt energiforsyning og trafikksikker tilkomst for køyrande og mjuke trafikantar er etablert.
- Byggjegrænse i strandsona er 20 meter.
- Den til ei kvar tid gjeldande rammeplan for avkøyring, vedteken i Hordaland fylkeskommune, skalleggjast til grunn ved handsaming av avkøyringar til riks- og fylkesvegar.
- Nye tiltak skal ha god tilpassing til terreng og bygde omgjevnader, arkitektoniske kvalitetar utført i varige materialar og godt gjennomarbeidde detaljar. Det skal visast særleg omsyn ved plassering og utforming av bygg eksponert i landskapet. Bruk av støttemurar, skjeringar og fyllingar skal avgrensast.

- Detaljreguleringar skal ta stilling til visuelle uttrykk som fargebruk, materialbruk, samt skilt og reklame.
- I framtidige næringsområde skal det leggjast til rette for mjuke trafikantar.
- For tiltak som ligg i områder med potensiell fare for steinsprang og/eller snøskred slik vist i temakart, eller andre høve tilseier potensiell naturrisiko, skal det utarbeidast faresonekart. Før området kan takast i bruk skal det utførast fagkunnige utgreiingar og eventuelle sikringstiltak skal vere gjennomført Heimel: Pbl § 11-9 nr. 4 og 8

Av tilhøyrande planskildring går det fram:

- Etablering av rammer for næringsutviklinga vil ha mykje å seie for framtidig økonomisk og samfunnsmessig utvikling i kommunen. Det er viktig å sikra konkurransedyktig lokalt næringsliv og tilgang på kvalifisert arbeidskraft og arbeidsplassar i kommunen.
- Fotlandsvåg er i arealstrategien til kommuneplanen definert som *Områdesenter*. Med dette meiner ein at området skal tene som sentrumsområde for større område, og det inneber å **legge til rette for vidareutvikling og styrking** av desse som tenesteområde, og møteplass. I områdesentra vil ein ha fokus på at det skal leggjast til rette for og etablerast urbane kvalitetar som variasjon i type føremål; bustad/fritid/næring.
- I Fotlandsvåg krins: 77 ledige byggetomter for bustad og 172 daa ledig bustadareal.
- Kommunen er del av ein arbeidsmarknad knytt til Bergen og Nordhordland, noko ein ser godt i tala for inn- og utpendling i kommunen. I perioden 2000-2009 har årleg fullført bustadbygging lege på rundt 35 bustadar pr år. I same periode har utpendlinga auka jamnt. Dette gir signal om ein etableringsvilje i kommunen, der ein samtidig opprettheld kommunen si regionale rolle i tilknytning til Bergen og omegn.


Dette kastar lys over ein framtidig trong for arbeidsplassar, konkurransedyktige bedrifter og etableringsvilje med tilknytning til Fotlandsvåg.

I planstrategi for Osterøy kommune 2012-2016 går det fram:

- Næringsliv og sysselsetting: Arbeidsløysa på Osterøy er låg. I 2011 var det registrert arbeidsløysa på 2,1% av arbeidsstyrken. I regional samanheng er Osterøy ein kommune som leverer mykje arbeidskraft utover kommunegrensene sine. Nærleik og kort avstand i reisetid til Bergen er med på å forklare mykje av dette. Samstundes har Osterøy mykje av arbeidsstyrken knytt til industri, bygg og anleggsverksemd. Sentrale utfordringar er mellom anna **korleis kommunen kan skape gode og føreseielege vilkår for næringa. Korleis kan ein få fleire og ulike arbeidsplassar** i kommunen og tilrettelegging og utvikling av infrastruktur.

## 3.2 Reguleringsplanar

Det er ingen gjeldande reguleringsplanar i planområdet. Det er ein eldre reguleringsplan i nærområdet til planområdet (figur 5). Denne reguleringsplanen vart vedteken i 1973 og viser i hovudsak bustadføreml.



Figur 3. Gjeldande reguleringsplan for Hanstveit.

## 4 OVERORDNA LOVER, FORSKRIFTER OG RETNINGSLINER SOM ER RELEVANTE FOR PLANARBEIDET

I konsekvensutgreiinga skal det gjerast greie for tilhøvet til nasjonale miljømål, retningslinjer, føresegner og korleis planforslaget har tek omsyn til desse.

### 4.1 Lover

Plan- og bygningsloven<sup>1</sup> skal regulere og sørge for omsyn til miljø og samfunn.

Forurensningsloven<sup>2</sup> skal sørge for omsyn når det gjeld utslepp til luft, jord og vatn.

Lov om kulturminner (kulturminneloven)<sup>3</sup> skal sørge for omsyn til kulturminner jf. undersøkelsesplikten § 9.

Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)<sup>4</sup> skal sikre ein heilskapleg og samla vurdering av påverknaden tiltaket vil ha på omgjevnaden (§ 8-12).

Lov om vegar<sup>5</sup> skal sikre størst mogleg trygg og god utvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles (§ 1a).

Lov om hamner og farvatn<sup>6</sup> skal leggja til rette for god framkommelegheit, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med ållmenne hensyn og hensynet til fiskeriane og andre næringar (§ 1).

### 4.2 Forskrifter

- Forskrift om konsekvensutgreiingar<sup>7</sup>
- Forskrift om byggesak<sup>8</sup>

### 4.3 Retningslinjer

- Statlig planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen<sup>9</sup>.
- T-1442/2012 Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging<sup>10</sup>.
- T-5/93 Rikspolitiske retningslinjer for samordnet areal- og transportplanlegging<sup>11</sup>.
- T-2/08 Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen<sup>12</sup>.

<sup>1</sup> Plan- og bygningsloven - pbl. LOV-2008-06-27-71. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>2</sup> Forurensningsloven – forurl- LOV-1981-03-13-6. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>3</sup> Kulturminneloven – kulml. LOV-1978-06-09-50. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>4</sup> Naturmangfoldloven – nml. LOV-2009-06-19-100. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>5</sup> Veglova – veil. LOV-1963-06-21-23. SD (Samferdselsdepartementet).

<sup>6</sup> Havne- og farvannsloven. LOV-2009-04-17-19. FKD (Fiskeri- og kystdepartementet).

<sup>7</sup> Forskrift om konsekvensutredninger. FOR-2009-06-26-855. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>8</sup> Byggesaksforskriften. FOR-2010-03-26-488. KR D (Kommunal- og regionaldepartementet).

<sup>9</sup> Planretningslinjer for strandsonen langs sjøen. FOR-2011-03-25-335. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>10</sup> Støyretningslinjen. T-1442/2012. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>11</sup> Retningslinjer for samordnet arealplanlegging. FOR-1993-08-20-817. MD (Miljøverndepartementet).

<sup>12</sup> Retningslinjer for barn og planlegging. FOR-1995-09-20-4146. MD (Miljøverndepartementet).

## 5 VIKTIGE OMSYN OG TRONG FOR UTGREIINGAR

Konsekvensutgreiinga skal vurderer konsekvensar av tiltaket som skildra i kapittel 2.2 opp mot situasjonen slik den er i dag. Tema som skal konsekvensutgreiast er omtalt nedanfor.

Der er ikkje andre alternativ for lokalisering av utfyllinga.

Eit fastsatt program for konsekvensutgreiinga vil ikkje utelukke utgreiingsplikta etter forskrifta. Dersom ein undervegs i utgreiingsarbeidet avdekkar tilhøve ein ikkje har tatt høgde for i programmet, t.d. viktige naturtypar eller artar, så må desse tilhøva også vurderast og skildrast i konsekvensutgreiinga. Dersom det dukkar opp tilhøve med vesentleg vekt ved høyringa av planforslaget, vil desse tilhøva måtte bli utgreidd ved ei tilleggsutgreiing etter § 11 i forskrifta. Dette gjeld tilhøve som er relevante for avgjerd i saka.

### 5.1 Innleiande miljøundersøking

#### Generelt

I 2011 vart det utført ei miljøundersøking på land og i sjø i planområdet. Ei innleiande miljøkartlegging omfattar innsamling og gjennomgang av informasjon om Eigedomen. Her legg ein vekt på tilhøve som gjeld lagring, bruk og deponering av helse- eller miljøfarlige stoff. Denne rapporten vil følgja som vedlegg til planforslaget og danna grunnlag for oppfølgingstiltak i tiltaksfase.

#### Metode

Ei innleiande miljøkartlegging omfattar normalt berre få eller ingen prøvar for kjemisk analyse. I dette tilfellet har kartlegginga omfatta følgjande aktivitetar:

- Søk i databasar: Kontroll av Klifs database over lokalitetar med forureina grunn (<http://www.klif.no/grunn/>), for å sjekke om eigedomen er registrert der og kva stoff forureininga eventuelt omfattar. Kontroll av Direktoratet for naturforvaltning sin naturdatabase (<http://www.naturbase.no>) for å sjekka om det er verneverdige lokalitetar på eller nær eigedomen. Kontroll av NGU sin database over
- grunnvassbrønner i Noreg (<http://www.ngu.no/kart/granada>).
- Intervju av personar med kjennskap/tilknytning til eigedomen og verksemda i samband med synfaring (24. mai 2011). Det vart gjeve opplysningar om tidlegare og nåverande verksemd på tomte, og om bruk av mogelege forureinande stoff. Det vart vidare henta inn opplysningar om plassering av eventuelle oljetankar..
- Synfaring på eigedomen den 24. mai 2011, med vekt på å registrera mogelege forureina lausmassar.
- Prøvetaking den 19. august 2011 der det vart teke prøvar av lausmassane i fire prøvegroper, samt prøver av sediment i fire prøvestasjonar.

#### Aktuelle problemstillingar

På land: Dersom det skal gjennomførast bygge- eller gravearbeid i områder for kontor og industri må det påreknast bortkjøring av dei forureina massane til godkjent deponi. For alle områder der det er påvist forureina lausmassar må det utarbeidast ein tiltaksplan dersom det vert planlagt bygging i området. Tiltaksplanen skal godkjennast av kommunen før det kan gravast eller bli bygd på massane. Ei problemstilling i planarbeidet er korleis ein skal setje krav i dei juridiske plandokumentata til tiltaksplan.

I sjø: Dersom det skal bli utført aktivitetar som kan føre til oppvirvling og spreining av forureina sediment, t.d. utfyllingar, må det påreknast krav om miljøtiltak for å hindre/avgrensa slik spreining. Problemstilling i planarbeidet vert korleis ein i dei juridiske plandokumenta skal sikra krav til miljøtiltak i samband med utbygginga.

### **Trong for utgreiing**

Utført rapport frå 2011 vil bli lagt ved planforslaget. Det er ikkje trong for ytterlegare utgreiingar i høve dette tema.

## **5.2 Naturmiljø**

### **Generelt**

Tema naturmiljø omhandlar naturgrunnlaget, naturtypar og det biologiske mangfaldet knytt til dei ulike naturtypane. Kartlegginga fokuserer på særleg viktige lokalitetar for biologisk mangfald. I dette planområdet vil fokuset vere sjøareal som vert påverka av tenkt utfylling. Tema marine tilhøve, forureining, biologisk mangfald og naturressursar vil bli gjennomgått.

### **Metode**

Kartlegginga skal gjennomførast basert på metodikk frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) for kartlegging av vilt og biologisk mangfald (DN-handbok 11-1996, 13-1999, 15-2001); sjå [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no). Eventuelle viktige områder for biologisk mangfald og flora/fauna vert skildra, verdivurdert og vurdert opp mot foreslått arealbruk. Gjennomgang med kvalitetssikring av eksisterande dokumentasjon og gjennomføring av nye registreringer i felt.

I tillegg vil sedimentundersøkingar, hydrologiske målingar og straummålingar gje datagrunnlag.

Utgreiinga vil basere seg på ein «standardisert» og systematisk tre-trinns prosedyre for å gjera analyser og konklusjonar meir objektive, lettare å forstå og lettare å etterprøva (Statens vegvesen 2006). Første trinn er i skildring og vurdering av karaktertrekk og verdier i området mtp. vasskvalitet. Neste trinn er å skildra og vurdera verknadene av utbygginga/utfyllinga. Siste trinnet er å kombinere verdien av området og verknadene av tiltaket for å få den samla konsekvensvurderinga. Dette kan framstillast i ei såkalla «konsekvensvifte».

### **Aktuelle problemstillingar**

Det er ikkje kartlagde biologisk viktige områder i planområdet i tilgjengelige databaser. Ei anna problemstilling er vassforureining i anleggsfase: tilslamming, nitratrestar i sprengstein, potensial for skadeleg svovel- eller radonforbindelse i steinmassane, potensial for nåleforma mineralar med asbest-form som kan gje fysiske skadar på vasslevande organismar, vurdering av verknadane av miljøgifter i sedimenta og avbøtande tiltak.

### **Trong for utgreiing**

Det må utarbeidast ein rapport som samsvarar med skildring over.

## 5.3 Berggrunnundersøking i sjø og moglegheitsstudie

### Generelt

Ved utfylling i sjø er det trong for grunnundersøkingar i sjø og vurdering om det er mogleg å legge ei stabil fylling mellom Holmen og næringsarealet sør for vika. Det vil også vere trong for ei vurdering av volum av sjøfyllinga.

### Metode

Aktuell metode er bruk av totalsonderingar. Totalsondering er ein kombinasjon av bergkontrollboring og modifisert dreietrykksundering. Metoden gir normalt god informasjon om lagdeling av lausmassane og relativ fasthet, og den har i tillegg stor nedtrengingsevne ved at det kan koplast inn vasspyling og slag under sonderinga. Metoden gir relativ sikker påvising av bergnivå ved at det ein normalt avsluttar boring etter ein har nådd berg.

For volumberekningane vil det vere trong for masseberekningar som vert utført med utgangspunkt i tverrprofilar langs fyllingen. Data om koter for topp fylling, bredde for topp fylling, fyllingshelning (gjennomsnitt) og koter på botn i fyllingsområde er naturleg å bruke i ei slik berekning. Volumet av fyllinga vert berekna med interpolering mellom tverrprofilane.

### Aktuelle problemstillingar

Der er ingen data om grunntilhøve i sjø ved søk i tilgjengelege databasar.

### Trong for utgreiing

Det må utarbeidast ein rapport om grunnundersøkingar i sjø som også inneheld moglegheitsstudie for utfylling i aktuelt sjøareal og eit notat om volum av sjøfylling.

## 5.4 Marinarkeologiske registreringar

### Generelt

Planen medfører varige inngrep i sjøbotn og strandsona. Det er vurdert at det er potensial for funn av marine kulturminner i området. Det er difor eit krav om marinarkeologiske registreringar med etter i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner, §§ 9 og 14.

Bergen sjøfartsmuseum har varsla at det ikkje er kjende marine kulturminner som vert råka av tiltaket, men det ligg eit potensiale for funn av verna eller automatisk freda kulturminner på sjøbotn.

### Metode

Bergen sjøfartsmuseum vil utføra registreringar i strandsona i samband med planarbeidet, dette vil danna grunnlaget for konsekvensutgreiinga.

### Aktuelle problemstillingar

Det er ikkje kjente marine kulturminner i planområdet. Bergen sjøfartsmuseum har varsla potensiale for funn av verna eller automatisk freda kulturminner på sjøbotn.

### Trong for utgreiing

Registrering vil verta utført av Bergen sjøfartsmuseum. Konsekvensar for eventuelle funn vil verta vurdert i planarbeidet.



## 5.5 Landskapsbilete

### Generelt

Temaet landskapsbilete handlar om estetiske verdiar i landskapet og menneska sine visuelle opplevingar (bilde) av omgjevnaden, og korleis dei visuelle aspekta ved omgjevnaden vert endra som følgje av et tiltak. Temaet tar for seg korleis tiltaket er tilpassa landskapet sett frå omgjevnaden (nær- og fjernverknad).

### Metode

Arbeidet blir utført med bakgrunn i synfaring, registreringar, kartmateriale, flyfoto og bilde, samt anna tilgjengeleg bakgrunnsmateriale. Landskapet vert verdivurdert. Omfanget skildrar kor store endringar ein reknar med at tiltaket vil medføra for landskapet i dei aktuelle områda. Omfanget er ein kombinasjon av inngrep, synlighet/fjernverknad og verknader av avbøtande tiltak. Konsekvensar for landskapet vil vere fordelar og ulemper tiltaket vil medføra i høve situasjon i dag ut frå å samanhalde verdi- og omfangsvurderingane.

I utgreiinga tar vi utgangspunkt i Statens vegvesen si Handbok 140 Konsekvensanalyser og Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren sin rettleiar om landskapsanalyse som grunnlag for metodikk. Verdi-, omfangs- og konsekvensvurderinga vil blir gjennomført i samsvar med *Handbok 140, Konsekvensanalyser, 2006*, frå Statens vegvesen.

### Aktuelle problemstillingar

For å vurdere fjernverknad skal det undersøkast korleis utfyllinga inkludert framtidige bygg ser ut frå bestemte standpunkt / synsvinklar.

### Trong for utgreiing

Verdi- omfangs- og konsekvensvurdering. Desse utgreiingane supplerast med ein landskapsanalyse som viser nær- og fjernverknad i nå-situasjon og driftssituasjon. Eigna standpunkt må vurderast i planprosessen. Utgreiinga skal skildra eventuelle avbøtande tiltak.

## 5.6 Marint biologisk mangfald

### Generelt

Temaet marint biologisk mangfald omfattar mangfaldet i våre kyst- og havområder. Temaet i utreiinga vert å belysa om tiltaket kjem i berøring med tilhøve som er viktige for det marine biologiske mangfaldet.

### Metode

Med bakgrunn i planlagde utfyllingar og kjent kunnskap om mangfaldet i våre kyst- og havområder vert det utgreidd om planlagd utfylling får konsekvensar for bevaring av mangfaldet i det nærliggande kystområdet.

### Aktuelle problemstillingar

Med utgangspunkt i fiskeridirektoratet sine kystnære fiskeridata er følgande problemstillingar registrert:

- Gytefelt for torsk i Fotlandsvågen og i fjorden utanfor, regionalt viktig
- Låsettingsplasser i Fotlandsvågen, lengre ute enn planområdet

### Trong for utgreiing

Det vert føresett at registreringane til fiskeridirektoratet er gode nok, rapporten som vert laga vil omhandle eventuelle konsekvensar for gytefelt og låssettingsplassar.

## 5.7 Risiko og sårbarhet

### Generelt

Konsekvensutgreiinga, saman med kunnskap om tiltaket, gjev grunnlag for å vurdere risiko- og sårbarhetstilhøve i driftsfasen.

### Metode

Den overordna metodikken tek utgangspunkt i sivilbeskyttelsesloven<sup>13</sup>, krav til risikovurderingar stilt i NS 5814:2008<sup>14</sup> og plan- og bygningsloven.

Tenkelige hendingar, risikovurdering og mogelege tiltak vert samanfatta i ein tabell. Hendingane vert vurdert til å ha grøn, gul eller raud risiko på bakgrunn av risikoakseptkriterier vedtekne i Osterøy kommune. «Risikoakseptkriterier» er ei skildring av kva risiko som blir akseptert innafør aktuell kommune, og desse må minst reflektere dei krav som vert sett i ulike sektorlover og forskrifter, f.eks. byggteknisk forskrift (TEK10). Risikoakseptkriteriene kan uttrykkast med ord eller vere talfesta, eller ved ein kombinasjon av disse, for eksempel som ulike soner i ein risikomatrise. Det er mest aktuelt å nytta risikomatrise i dette tilfellet.

### Aktuelle problemstillingar

Risikoen knyt seg generelt til eigenskapar ved omgjevnaden og eigenskapar ved tiltaket. Delar av området ligg innanfor aksemdkart for steinsprang og snøskred på skrednett.no. Iht. § 1.9 i føresegna til KPA må fagkunnige i så fall gjennomgå problemstillinga før området takast i bruk.

### Trong for utgreiing

Det vil bli utarbeida ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) med utgangspunkt i kjende opplysningar om drifta og framtidig utvikling av planområdet. Det vil også bli vurdert aktuelle tiltak, blant anna redningsberedskap, for å ivareta samfunnssikkerheit.

I ROS-analysen skal dei momenta som er skissert her utdjupast, ved at uønska hendingar vert identifisert og karakterisert med tanke på kor sannsynleg det er at dei inntreff og konsekvensen av hendinga. Aktuelle førebyggjande tiltak mht. (tekniske) krav til gjennomføring, utforming samt organisering for å førebygga og handtera uønska hendingar skal skildrast.

## 5.8 Andre viktige tema

I tillegg til utgreiingane nemnd over vil planskildringa med KU innehalda fleire viktige tema som må skildrast. Desse tema har ikkje trong for eigne utgreiingsdokument men skildrast i eigne kapitlar i planskildringa. Eksempel på viktig tema:

<sup>13</sup> Sivilbeskyttelsesloven - LOV-2010-06-25-45. JD (Justis og beredskapsdepartementet).

<sup>14</sup> NS 5814:2008 – Krav til risikovurderinger, utgave: 2 (2008-07-01).

- Konsekvensar av utviding av næringsområdet opp mot omkringliggjande føremål, t.d. bustadområde og eventuell småbåthamn.

## 6 PLANPROSESS

### 6.1 Framdrift

Tabellen viser forslag til framdriftsplan for planprogram og reguleringsplan med konsekvensutgreiing.

| FASER   | 2013       |            |            | 2014       |            |            |            | 2015       |            |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|
|   | 2. kvartal | 3. kvartal | 4. kvartal | 1. kvartal | 2. kvartal | 3. kvartal | 4. kvartal | 1. kvartal | 2. kvartal |
| <b>Planprogram</b>  |            |            |            |            |            |            |            |            |            |
| Forslag planprogram   |            | X          |            |            |            |            |            |            |            |
| Høyring/off. ettersyn 6 veker                                 |            |            | X          |            |            |            |            |            |            |
| Handsaming av merknader, justering av planprogram             |            |            | X          |            |            |            |            |            |            |
| Oversending endelig planprogram                               |            |            | X          |            |            |            |            |            |            |
| Ny avgrensa høyring   |            |            |            | X          |            |            |            |            |            |
| Fastsetting av planprogram (Osterøy kommune)                  |            | X          |            | X          |            |            |            |            |            |
| <b>Temautgreiingar</b>  |            |            |            |            |            |            |            |            |            |
| Naturmiljø  |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Grunnundersøkingar og moglegeheitsstudie                      |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Marinarkeologiske registreringar                              |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Vasskvalitet  |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Landskapsbilete   |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Risiko og sårbarhet   |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| <b>Reguleringsplan med konsekvensutgreiing</b>                |            |            |            |            |            |            |            |            |            |
| Varsling planoppstart (parallelt med høyring planprogram)     |            | X          |            |            |            |            |            |            |            |
| Planutkast (kart og føresegner)                               |            |            |            |            | X          | X          |            |            |            |
| Møte med kommunen   |            |            |            |            |            | X          |            |            |            |
| Utarbeiding planforslag med KU                                |            |            |            |            |            | X          | X          |            |            |
| Kommunal 1. gangs handsaming                                  |            |            |            |            |            |            | X          |            |            |
| Høyring/off. ettersyn (Osterøy kommune)                       |            |            |            |            |            |            |            | X          |            |
| Møte med kommunen   |            |            |            |            |            |            |            | X          |            |
| Revisjon av planforslag                                       |            |            |            |            |            |            |            | X          | X          |
| Kommunal handsaming av reguleringsplan m/KU (Osterøy kommune) |            |            |            |            |            |            |            |            | X          |

Merknader til framdriftsplanen:

- Ein kan starte med temautgreiingar og planutkast parallelt med slutthandsaming av planprogrammet. Planskissa utgjer grunnlag for arbeidet med konsekvensvurderingane.
- Planforslag med konsekvensutgreiing vert utarbeidd og sendt Osterøy kommune.
- Offentlig ettersyn av reguleringsplan med konsekvensutgreiing vert kunngjort. Kommunen legg planforslaget ut til offentlig ettersyn samt sender planforslaget til aktuelle mynde, interesseorganisasjonar, og aktuelle private for innspel. Høyringsperioden skal vera minst 6 veker.
- Tiltakshavar bidrar med eventuelle supplerande undersøkingar og revisjon av planen etter høyring.

## 6.2 Informasjon og medverknad

Plan- og bygningsloven (§§4-1 og 5-1) set krav til medverknad i planprosessen. Også etter "Forskrift om konsekvensutredningar" (§6) skal planprogrammet innehalde ei skildring av opplegg for offentleg informasjon og medverknad, særleg i høve grupper som ein meiner er særleg råka.

Planarbeidet skal leggast til rette for elektronisk presentasjon.